

Festidalenplakaten er fullbooka**08.07.2009**

Festidalenplakaten er fullbooka, oppkøyringa til festivalhelga 31.juli og 1.august i Uskedalen er i rute, melder festivalleilinga i ei pressemelding..

Oslobandet Norma Sass er einaste jenteinnslaget under Festidalen i år. Bandet består av jenter som tydeleg veit kva dei vil med musikken sin, og uttrykket deira er mystisk, uortodoks og ei blanding av rock, pop og indie. Bandet var det første som vart booka til Øya09, og vart kåra til årets Zoomvinnar i 2009. Låta deira "June", har vorte spelt mykje på P3 i vår, og jentene har trass si korte fartstid opparbeida seg ein god del liveerfaring på bakgrunn av Zoom Urørt turne landet rundt det siste året.

Robert Smith-Hald er emigrert amerikansk singer/songwriter, som saman med bandet Fusas Finest kan minna om ein sprek sekstials Bob Dylan, og ein potent syttials Bruce Springsteen. Trass desse rikhaldige referansane er det mannen, livet og historia som kjem fram når Robert predikerer sin folk-rock/americana frå scenen. Bandet hans består av medlemmer frå Fusa, som bandnamnet tilseier, og Kjetil Tofte som opphavleg er frå Halsnøy. Festidalen var sjølve tilstades på konsert med dei i Oslo i februar og er mektig imponert over både stemma og tekstane til Robert og oppbackinga frå bandet. Robert Smith-Hald er også kjent frå årets utgåve av "Norske Talenter" på tv2. Bandet får æra av å opne ballet fredag 31.juli.

Innimellan slaga vil kvinnheringen Torgrim Øyre spela plater. Han har vore DJ under Festidalen ved tidlegare høve med stor suksess. Torgrim er ein meister på å skapa god stemning med platesnurringa si, noko han til dømes viste under julearrangementet til Festidalen 2.juledag.

I år satsar me stort på å laga ein kjekk dag for barnefamiliane i kommunen, og andre som vitjar oss i Uskedalen 1.august.

Klokka tolv brakar det laus med oppvisning og kåring av "Festidalen minirockestjerner". I dommarpanelet sit blant andre sjølvaste ordførar Synnøve Solbakken, og det vert premiering for beste sceneshow og beste rockekostyme. Rockestjernekonkuransen er for barn opp til 12 år, og består av å mime til valfri låt og rocke på best mulig måte til denne. Me kjem også til å kåra "Verdens sterkeste pappa". Dette er ei tevling der konkurranselementet vert avslørt på sjølve dagen for at ingen skal kunne stilla med fortrinn. Meld på barnet/barna dine, og/eller pappaen din til Hege S. Eikenes på tlf 40 44 47 67 eller hege@festidalen.no. Det er flotte premiar å hente, så ikkje nøl med å ta kontakt.

I tillegg til desse kåringane, vert det køyring av radiostyrte bilar for dei leikne over 12 år, hoppeslott og hesteridning for dei minste, kanopadling for dei litt større, lykkehjul for alle, ansiktsmaling med Sussi med meir. Det heile føregår i området rundt Vertshuset i Uskedalen, og minirockescena vert plassert på Sandakaien, Vertshuset står for sal av grillmat, brus og is.



Torgrim Øyre i aksjon i julearrangementet. (Foto:Ola Matti Mathisen)